



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

**Referat
AU-møte 2-2021 – 19.10.2021**

Sted: TEAMS (16:00 – 17:10)

Til stades:

AU:
Per Dag Hole (PDH)
Kristin Hille Valla (KHV)
John Olsen (JO)

Sekretær: Trond Stensby (TS).

Saker:

- 1. Oppfølging av brevet fra Klima- og miljøverndepartementet.**
- 2. Økonomi**
- 3. Nytt styremøte.**

1. Oppfølging av brevet fra Klima- og miljøverndepartementet.

PDH.

Brevet frå Klima- og miljødepartementet er eit betydeleg gjennomslag for prosjektet «Villreinfangsten som verdensarv». Departementet kjem med ei klår tilråding: «klart potensiale for oppføring på tentativ liste.

Har drøfta med KHV tolking av brevet. Ansaret for vidare oppfølging ligg nå hjå Riksantikvaren (RA), men i dialog med dei berørte partane. PDH har teke kontakt med Jostein Løvdahl hjå RA, og hatt ei god samtale med han. Bl.a ble det drøfta:

- RA har fått mange bestillingar frå departementet.
- RA usikker på om dei kjem i gang med arbeidet før jul.
- Understreka at det skal skje i dialog med berørte partar.
- Ønsker et fysisk med RA for å gå gjennom merknadane i ICOMOS-rapporten.
- Løvdahl enig i at dette er ei god tilnærming – korleis arbeide vidare med dei aktuelle temaene.

Det er behov for å komme med innspel til /drøfte med RA, kva kan prosjektet arbeide vidare med, og kva må RA ta ansaret for. Gjennomgang av arbeidsdeling og prosess.

RA sin frist for tilbakemelding til KLD er 1. mars 2022.

PDH har avtale om å ringe Løvdahl igjen fredag 29.10.21. Viktig å få tidfesta eit møte med RA.

Styret for «Villreinfangsten som verdensarv» må møtast med det fyrste, og drøfte forslag til kva prosjektet kan ta ansvar for i det vidare arbeidet.

KHV

Veldig bra med eit møte med RA. Det bør vera AU som møter RA, blir for stort med heile styret.



Være tilbakeholdne med å ta på oss meir arbeid enn vi behøver. Få veta kva RA tenker om sitt arbeid, og kva for forventningar RA har til styret og prosjektet.

JO

Brevet frå KLD er eit veldig viktig steg vidare. Bra at PDH tok ein telefon til Løvdahl/RA, jf. påtrykk også frå andre prosjekt.

Det er RA sitt ansvar å utgreie prosjektet vidare. Viss det finst midlar kunne RA kanskje engasjert Jostein Bergstøl i det vidare arbeidet.

RA vil nok ha kontroll over det faglege arbeidet, og kven som leverer utgreiingane, for å ivareta sin integritet m.t.p. framlegging av den tentative lista.

Viktig nå er å få ein fornya lokal forankring av prosjektet.

PDH

For så vidt einig i at det er RA sitt ansvar å føre arbeidet vidare. Men RA er pressa på kapasitet, og har bekrefta ønskje om medverknad frå styret for «Villreinfangsten som verdensarv». RA har halde prosjektet på avstand. Når dei nå ber om medverknad er det ei moglegheit for å kome tettare på RA. Vi må avklare ressursbruk, konkretisering og struktur på det vidare arbeidet med RA.

JO

Tilby oss å gjera ein jobb, viss RA har kapasitetsproblem. Ønsket om samarbeid er eit kompliment til vårt prosjekt. Viktig at styret viser sitt engasjment for RA, for å halde oppe framdrifta.

Viktig å engasjere ordførarane.

KHV

RA bør formulere ei bestilling til oss.

Vi må vite om RA skal bruke Miljødirektoratet?

Korleis informere kontaktutvalget og dei berørte partane?

Viktig å seie noko aktivt utad, ikkje berre sende ut ein kopi av brevet frå KLD i ein e-post.

I fyrste omgang skriftlege orienteringar, så eit fysisk møte i kontaktutvalget eller liknande til våren. Gått for lang tid, delvis nye folk, Kontaktutvalget har «gløymd» saka nå.

PDH

Vi må ha styret med i vurderingane, og planlegge for eit fysisk møte i Oslo – fastsette møtedato.



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

2. Økonomi

Ved årsskiftet hadde vi «på bok» kr. 172.000,-.

Forbruk i 2021 er kr. 2.757,-.

Etterslep, ikkje utbetalt møtegodtgjersle, 2. halvår 2020 og heile 2021: kr. 13.082,-

Til disposisjon kr. 156.161,-

Ikkje fått tilslag på søknader om tilskott i 2021. Undersøkje stoda for søknad til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

3. Nytt styremøte.

Sondere for datoane 04.11 eller 09.11, kl. 16:00. Aktuelle saker er:

- Forholdet til RA
- Lokal involvering
- Tenke gjennom korleis arbeidet blir presentert vidare - «som eit gjennombrøt for arbeidet».
- Mediestrategi.

Hjerkin, 19.10.21

Trond Stensby

Ref.